

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

8.september 2015

Dykkar ref : Referanse 15/3109 – 15/28689 , Knut Bjørnevoll

Søknad om dispensasjon frå LNFR-føremålet, og frå forbod om tiltak langs sjø eller vassdrag i kommuneplanen til utbygging av VA-anlegg.

Innleiing. Eikanger Vassverk org nr 915 641 741 er eit sameige med 40 partar som med dette søker om dispensasjon frå Plb for bygging av vatn- og avløpsanlegg i Eikangerområdet slik det er framstilt i innsendt melding frå Lindås Rør og Sanitær.

Berørte eigedomar er alt kjede med tiltaket gjennom informasjonsmøte, som medeigarar i vassverket , gjennom grunnavtalar eller ved kvitterte nabovarsel. Søknad om dispensasjon gjev ingen nye moment eller endringar i høve til desse eigedomane, men innsending av denne dispensasjonsøknaden vert likevel varsla særskilt ved annonsering i lokalpressa.

Tiltaket er leidningsnett for vatn og avløp, for området frå innerst i Eikangervågen og fram til Myr grense. Anlegget skal knytast til eksisterande kommunalt leidningsnett i Eikangervågen og det nye hovudnettet skal etter utbygging i privat regi, over til kommunal eige og drift. Anlegg og organisering er planlagt i nært samarbeid med VA avdelinga i kommunen og tilrettelagt og dimensjonert for å inngå som del av eit større framtidig hovudnett .

Verknader . Verknader for arealbruk til landbruk natur og friluftsliv er små. Produksjon til landbruksføremål vert ubetydeleg skadelidande . Terrenget vert for det meste tilbakeført tilnærma eksisterande utforming, enkelte stader med litt betre tilkomst i alle fall ei tid til skogen overtar kontrollen.

Eikangervågen må kryssast i eit grunnt parti heilt innerst. Her er det frå før fleire leidningar av same type. Leidningane vil ikkje vera til hinder for båttrafikk, fiske eller fugleliv.

Elva må kysstast ein stad . Langs elva må det ryddast ein del vanleg lauvskog, som i dag for det meste utgjer eit hinder for dei som likar å fiske. Arbeid i sjølve elveløpet vert lite og i eit område med sakteflytande vatn , lite utsett for utgraving av lausmassar.

Både vatn- og avløpsleidningar i Liavatnet får ein plassering , materialval og utforming som berre i liten grad vil endra noverande bruk av vatnet, eller påverka plante, fisk eller dyreliv . Det vert ikkje gjennomført gravearbeid anna enn heilt nær landtaka. Leidningsnettlet får ingen tslepp til vassdraget.

Det er ikkje kjente kulturminne som vert påverka av tiltaket.

Dei største allmenne interesser vert positivt påverka ved at ein oppnår kraftig reduksjon av utslepp , og sikrar tilgang på ein god og problemfri vassforsyning. Det legg og til rette for ei vidare ønskt og styrt utvikling av Eikanger og nærliggjande bygdesamfunn. Reaksjonane på tiltaket er så langt nesten udelt positive.

Vi håpar dispensasjonssøknaden saman med tidlegare melding gjev kommunen tilstrekkeleg grunnlag til samordna sakshandsaming og eit snarleg gje løyve til å gjennomføra eit tiltak som mange ser fram til med forventning og er villige til å yta både tid og økonomisk innsats på.

Eikanger Vassverk org nr 915 641 741

Ivar Eidsheim

styreleiar

adresse: Nedre Eikanger 62, 5913 Eikangervåg

Tel: 91661261 e-post: ivareidsheim@gmail.com

Kopi: Lindås Rør og Sanitær

Styremedlemmer Ekanger vassverk